

Vil ha storkommune

10 NYHETER

SUNNMØRSPOSTEN
Tirsdag 26. oktober 2010

Torleiv Rogne meiner samanslåing kan gje Hamnsundsamband




FOTO: JOHAN BEHRENTZ

SØVIKVANNET. Utsikt Gamlelvseten mot Søvik, sørover.

Haram kommune må starte ein debatt om samanslåing av kommunar der Ålesund inngår.

HARAM. Det meiner kommunestyrerepresentanten Torleiv Rogne i Haram. Han meiner det er naturleg at slik samanslåing vil utløse statlege tilskot for eit framtidig Hamnsundsamband.

Spørsmål. – Vil ordføraren starte ein dialog med Ålesund kommune for å realisere ein kommune mellom Ålesund og Haram for å ivareta den folkevalde styringa, og som utløysar for samferdselprosjektet Hamnsundsambandet? spør representanten mellom anna i eit grunngjeve spørsmål til ordføraren

ren i Haram. Han spør også om ei slike initiativ også må bidra til å etablere tyngre helsepolitiske eininger som er nedfelt i samhandlingsreforma i Haram.

– Eg har reist spørsmålet også tidlegare, utan å få gehør. No har tidene endra seg, og det går føre seg ein debatt i sentralt hald. Der blir det hevda at kommunane er for små til å løyse framtidige oppgåver. Vi må ikkje overlate debatten til andre, men sjølv ta grep, seier Rogne til Sunnmørsposten.

Storkommune. Han ønskjer seg ein storkommune med Ålesund, Giske, Haram, Sula og Skodje. Han meiner det må ligge ei premierung i botnen for dei som slår seg saman.

– Her i fylket har me eit godt

døme på samanslåing mellom Aure og Tustna, noko som førde til at samferdselprosjektet Imarsundbrua vart realisert.

Upolitiske organ. Han fryktar at dersom ein ikkje går saman, blir det etablert interkommunalt samarbeid som ligg på utsida av det dei folkevalde organa, som kommunestyra, representerer.

– Om Haram ikkje sjølv tek opp arbeidet med å etablere ei større eining på Nordre Sunnmøre saman med t.d. Ålesund til ein Nordre Sunnmøre kommune, kunne føre til at kommunen vert ein del av ei kommune samansett av kommunane i indre og austre delar av Sunnmøre, seier han.

Ikkje forsvinne. – Du har alltid gjort deg til talsmann for dei små lokalsamfunna. Vil ikkje dei forsvinne i ein storkommune?

– Nei, tvert om. Ein storkommune skal ikkje vere ei utviding av Ålesund kommune, men ei eining der alle delane av storkommunen Nordre Sunnmøre har

like mykje å seie.

– Kva med Ørskog?

– Kommunane i indre strok har tidlegare vore klare på at ein ønskjer ei anna løysing. Vi må derimot arbeide for å betre kommunikasjonane sørover, meiner Torleiv Rogne, som vonar at ordføraren tek ballen og spelar han vidare inn mot dei andre kommunane.



PREMIERING. Torleiv Rogne (Uavhengig) meiner frivillig samanslåing av kommunar på Nordre Sunnmøre kan gje betre kommunikasjoner.

FOTO: ANDRÉ PEDERSEN

Ein storkommune skal ikkje vere ei utviding av Ålesund kommune

TORLEIV ROGNE